



I morgon
Skiftande skydekke og nokre regnbyer.

Torsdag
Skya og regnbyer.



Solen

I dag	I morgon
Opp 07.17	07.20
Ned 19.48	19.44

Dagen er 7 tim. og kortere enn ved sommersolverv.

Månen

I dag	I morgon
Opp 22.30	23.47
Ned 16.52	17.25

Varsel for oljeinstallasjoner i dag

Statfjord	Frigg	Sleipner
+12	+13	+14
8-12 m/s	6-9 m/s	6-9 m/s

Flo		Fjære	
I dag	I morgon	I dag	I morgon
04:12	05:11	09:46	10:55
16:36	17:39	22:37	---

Data fra Statens kartverk Sjø. Tnr 617

Firdaposten

KVELDS-/HELGEVAKT
Tlf. 415 15 305



Olav Hatlemark

godt sagt

«Å le vil si å være skadefro, men med god samvittighet.»

Friedrik Nietzsche.



TIPSTELEFON
57 75 73 03

SMS-TIPS – send med kodeord fptips til 2097

HAR DU IKKJE FÅTT AVISA?

Måndag–fredag:
57 75 73 00 (kl. 8–15)

Laurdag:
57 83 33 99 (kl. 8–11)

FIRDAPOSTEN • TYSDAG 20. SEPTEMBER 2011

Godt oppmøte på strand-ryddedag

FLORØ: Eit 40-tals personar møtte opp då det for første gong blei arrangert ein nasjonal strandryddedag.

JAN ROAR HATLEM
jan.roar.hatlem@firdaposten.no

Flora kommune stod i samarbeid med Sørstrand Folkepark som lokal arrangør. Utgangspunktet var strandlinja langs den stadig meir populære folkeparken, og det var godt oppmøte. Om lag 25 vaksne og minst 15 unge la turen til Sørstrand. – Flott at det kom så mange. Det flotte vêret har nok verka inn, men det kunne jo slått ut begge vegar, seier Anders Espeset i kommunen. Han var ein av dei som væpna med søp-pelsekker, hanskar, rive og spade gjekk til åtak på rusk og rask som er skjemmaende same kor det ligg, og spesielt merkbart på ein

idyllisk stad som folkeparken. – Det er første gongen at det blir arrangert ein nasjonal strandryddedag. For framtidige år vil det kanskje vere meir naturleg å leggje ein slik dag til våren, for den store bruksesongen, seier Espeset. Det såg faktisk ikkje så ille ut langs strendene, men når den ryddeglade dugnadsgjengen gjekk nøye til verks, blei det likevel funne mykje rask som raskt fylte konteinaren. Det var plast av ymse slag som dominerte, men det dukka også opp mellom anna gammalt tauverk og eit bildekk. Mykje tang blei også fjerna frå stranda. Men då Firdaposten var oppom, var det enno ikkje funne noko spennande som flaskepost eller den slags. Dei vaksne rydda, og dei yngste plaska og leika med småbåtar i sjøkanten, og alle såg ut til å kose seg i god-vêret.



DUGNAD: Silje Dypevik (t.v) og Leni Kristiansen var mellom dei mange som møtte opp for fjerne rusk og rask på Sørstrandområdet. Foto: Jan Roar Hatlem

Bruk av knivliknande gjenstand i Svelgen

I grålysinga søndag morgon kl 05.46 fekk politiet melding om at ein mann i eit privat hus i Svelgen hadde brukt ein knivliknande gjenstand. Ein patrulje som vart send til staden fekk kontroll på mannen. Det var snakk om mindre kuttskadar. Han vart teken med til Florø og sett i arresten. Ifølgje politioverbetjent Per Rimmen vil det bli oppretta sak som vil verte etterforska vidare.



Punch spelte på Blest i helga

Blest vart for første gong arrangert på Nordfjordeid i helga, melder NRK S&fj. Blest er eit bransjetreff for musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane, og det var til saman åtte band og musikarar som fekk vist seg fram her. Florø-bandet Punch var eitt av dei. Dei hausta mange lovord, både for utviklinga i musikken sin og for sceneshowet.

DER OG DÅ

Bremanger kyrkje, søndag 18. september, kl. 11.30.



KYRKJEBOK: 4-åringane fekk utdelt Mi første kyrkjebok. F.v. Lola, Kristine, Vilde, Aleksander, Aron, Jørgen, Stian og Olai.

Foto: Annbjørg Hauge Nygård